



Saksframlegg

Saksbehandler:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsaknr:	styre 23/039	Dato:	16.08.2023

Behandlingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks 23.08.2023 vedtak

Oppfølging av eigarmøte 02.06.2023

BEHANDLING:

Brannsjefens utkast til vedtak

1. Styret for Haugaland brann og redning iks ber frå eigarane om å revidere eigarstrategien i tråd med dei signal som er gitt. Det bør saman med eigarstrategien vera ein konsekvensutgreiing av strategien.

SAKSOPPLYSNINGER:

Det vert vist til eigarmøte 2. juni der følgjande forventningar vart lagt fram for styreleiar og dagleg leiar:

1. husleige skal delast 70 % på selskapet og 30 % på eigarane. Dette kan erstatte kravet om årleg reduksjon av ramma på 1 % under føresetnad av at selskapet har «gjennomsnittlege kostnader» samanlikna med andre kommunar.
2. eksterne forhold som gir auka kostnader må dekkast inn av selskapet. Utover dette kan det vera forhold som tilseier endring i ramma.
3. selskapet skal jobbe aktivt med innsparingsstrategiar og på denne måten få til ein positiv utvikling innanfor kostnadsnivået.
4. beredskapsanalyse trinn 2 må vurderast på nytt. Eigarane vil vurdere om det er nødvendig med eit nytt mandat.
5. økonomi- og handlingsplan skal ta utgangspunkt i innsparingstiltak, jf. versjon 1 i økonomi- og handlingsplan 2024.
6. det skal leggest fram ein oversikt over kva moglegheiter som er for å redusere kostnader.
7. selskapet må etablere ein selskapsstrategi som tar innover seg ovannemnde forventningar.
8. selskapet må informere betre for å innfri gjeldande informasjonsbehov til eigarane.

VURDERINGER:

For å innfri eigarforventningane er det nødvendig å sette nokre premisser ut frå selskapet sin ståstad:

- a. Det er eigarane som eig HBR og som skal fastslå nivået på førebyggjande- og beredskapsarbeidet.
- b. Formålet med selskapet må stå fast der HBR skal på vegne av eigarkommunane innfri krav om førebyggjande og beredskapsarbeid, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 11.
- c. Det er dei gjeldande vedtak som representantskapet gjer, selskapsavtale samt selskapsstrategi som er styrande for dei val og det arbeid som styret gjer på vegne av eigarane.

- d. HBR skal drive kostnadseffektivt, men skal samstundes innfri krav sett i lov og forskrift. Kostnadseffektiv drift betyr at HBR drifte med ein mindre kostnad enn det kvar kommune vil klare åleine.

Dersom ikkje selskapet skal gjennomføre oppgåver etter brann- og eksplosjonsvernlova, er det ikkje grunnlag for å ha eit selskap for nettopp dette.

Kommentarar til punkt 1-8:

1. husleige skal delast 70 % på selskapet og 30 % på eigarane. Dette kan erstatte kravet om årleg reduksjon av ramma på 1 % under føresetnad av at selskapet har «gjennomsnittlege kostnader» samanlikna med andre kommunar.

Per i dag dekker selskapet 100 % av husleige, og det vert praktisert eit nedtrekk av ramma på 1 % kvart år. Dette utgjer i underkant av 1'' per år. Med auke i husleige som følgje av nye stasjonar, er det i økonomi- og handlingsplanen lagt opp til ei husleige frå 7,1'' til 15,7''. Husleige for selskapet vil med nye føringar vera 11'' mot slutten av planperioden.

Selskapet skal søke ein kostnadseffektiv drift, noko som skal gjenspeile kvar einskild del av selskapet. Likevel, dersom selskapet ikkje skal ha tilstrekkeleg tal tilsette der dei tilsette ikkje har nødvendig kompetanse, då er ikkje formålet med å etablere eit selskapet til stades.

Det er ikkje mogleg å hente desse midlane gjennom drifta utan større strukturelle endringar. Det vert vist til budsjettdokumentet 2024 der kostnader i HBR er «låste» gjennom faste avtalar eller gjeremål.

For større strukturelle endringar vil dette arbeidast med gjennom selskapsstrategi-23/24.

2. eksterne forhold som gir auka kostnader må dekkast inn av selskapet. Utover dette kan det vera forhold som tilseier endring i ramma.

Eksterne forhold er endringar i sentrale avtalar, statlege krav, løns- og prisvekst med meir. Det er vanskeleg å sjå kva forhold som kjem utover dette.

Vedr. husleige må det vurderast om eigarane sjølv skal stå for husleiga. Dette krev endring i selskapsavtala, men kan vera formålstenleg med tanke på å hente ut synergjar på kostnader for drift og vedlikehald av stasjonane. Det er krevande å redusere drifta for selskapet der 23 % av driftskostnader er husleige samstundes som husleiga stig med 7,5 % frå 2022-2023 utan at det er byggeaktivitetar som tilseier ei slik auke (auke per kommune er 0-18 %).

For å få definert «gjennomsnittlege» kostnader for selskapet, må det gjennomførast ein KOSTRA-analyse der me samanliknar samanliknbare kommunar og same kostnadsområde.

3. selskapet skal jobbe aktivt med innsparingsstrategiar og på denne måten få til ein positiv utvikling innanfor kostnadsnivået.

Innsparingsstrategiar må sjåast i samanheng med selskapsstrategien, ref. punkt 7.

4. beredskapsanalyse trinn 2 må vurderast på nytt. Eigarane vil vurdere om det er nødvendig med eit nytt mandat.

Beredskapsanalyse trinn 1 og 2 er lagt fram med utgangspunkt i mandat gitt i representantskapsak 21/012. Dersom eigarane ønskjer eit lågare nivå på beredskap og førebyggjande arbeid, må mandatet endrast. Styret må be om eit nytt mandat av eigarane som samsvarar med forventningar.

5. økonomi- og handlingsplan skal ta utgangspunkt i innsparingstiltak, jf. versjon 1 i økonomi- og handlingsplan 2024.

Det er i økonomi- og handlingsplanen lagt fram fleire moglege tiltak for innsparingar. Dette må sjåast i samanheng med punkt 4, 6 og 7.

6. det skal leggest fram ein oversikt over kva moglegeheiter som er for å redusere kostnader.

For større strukturelle endringar vil dette arbeidast med gjennom selskapsstrategi-23/24.

7. selskapet må etablere ein selskapsstrategi som tar innover seg ovannemnde forventningar.

Arbeidet er starta.

8. selskapet må informere betre for å innfri gjeldande informasjonsbehov til eigarane.

Det vert vist til punkt 7.

Haugesund 16.08.2024

Dag Botnen
brannsjef